



Uskedal musikklag på plass i skulestova i går.

Det var trengt om plassen i dei gamle skulestovene i Gamleskulen i går. Mange var komme for å høyra då Uskedal Musikklag hadde konsert på Kafe Tiaren. Nokre møtte fram for å få signert bok om Dr. Haugen. Matsalet gjekk strykande og alle gav uttrykk for dette var ei gild stund.

Musiklaget framførte tre melodiar frå Frelsesarmeen, alt frå rolege koralar til marsjar. Den kjende melodien River of Babylon er henta frå Boney M og Salme 137. Jazzmusikk er fengjande. Det kling godt med Just a closer walk, ein jazzklassikrar som grensar til dixilandmusikk. Kafegjestene likte det dei fekk høyra og korpset måtte fram med ekstranummer.

Boka om Dr. Haugen sel godt. Om lag halve fyrsteopplaget er seld og nye kartongar med bøker er på veg ut frå lager. Kristian Hus frå Skimtviss forlag var med på signeringa i dag. Det same var Thor Inge Døssland og Kristian Bringedal.

Innsamlinga av dokterhistoriar held fram. Boknemnda vil vurdere i kva form innsamla materiale skal publiserast. Dersom 1. opplaget på 800 bøker går ut før julesalet, vert det truleg eit 2. opplag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal



Mykje folk var samla for å høyra Musikklaget og for å få signert bok.